



Notat

Dato: 05.01.2018
Arkivsak: 2018/161-1
Saksbehandlar: tonhaug

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Tildelingar til musikkfestivalar gjennom Kulturrådet si reviderte ordning

Som tidlegare meldt og omtala i sak 19/17 *Nye retningslinjer for Norsk kulturråd si festivalstøtteordning og finansiering av Festspillene i Bergen* (KIRU 15/02) har det i 2017 vore ei omlegging i kriteria og innretting av Kulturrådet sine tilskotsordningar for musikkfestivalar. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok då følgjande:

1. *Hordaland fylkeskommune er positiv til retningslinjene for tilskotsordning for musikkfestivalar, og trur at ordninga vil gje høve til god utvikling på musikkfestivalfeltet.*
2. *Festspillene i Bergen er ein institusjon som er ansvarleg for den største musikk- og teaterfestivalen i Norden, og skil seg såleis klårt ut frå norske musikkfestivalar i kraft av omfang, varigheit, kunstnarleg breidde og internasjonal posisjon. Festspillene i Bergen må difor finansierast med fast driftsstøtte, fortrinnsvis over statsbudsjettet.*
3. *Hordland fylkeskommune føreset at Norsk kulturråd følgjer opp med gode rutinar for samhandling med fylkeskommunar og kommunar når det gjeld funksjonsdelingsavtaler og regional støtte.*

Kulturrådet fordelte 14.desember om lag 290 millionar kroner til musikkfestivalar for åra 2018 - 2020. Som følgje av Stortingets budsjettvedtak for 2018 har Kulturrådet vedteke ei ramme på musikkfestivalordninga på 147,7 millionar kroner, som er ei auke på 8,7 millionar frå 2017.

Kulturrådet hadde 202 søknader til handsaming etter søknadsfristen for festivalstøtte 2018. 133 av desse er innvilga støtte for 2018, og 53 av desse festivalane har fått tilskot for fleire år.

Kulturrådet meiner at omlegginga og denne tildelinga har bidrige til å jamne ut dei tidlegare store forskellane i tilskotsnivå mellom festivalar med knutepunktstatus og andre store festivalar. Dei meiner også at dette legg betre til rette for langsiktig planlegging og stabilitet for fleire festivalar.

Jazzzen er ein av sjangrane der ulikskapen i tilskotsnivå har vore mest omdiskutert, og i denne tildelinga har ei rekke jazzfestivalar fått monaleg auke i tilskota. Både Nattjazz og Vossajazz har fått monaleg auke og tilsegn 3 år fram i tid.

Fleirårig støtte

Ein del av omlegginga i søknadsordninga var at Kulturrådet opna for at festivalane kunne søke om tilskot for opp til fem år. Festivalane kunne velje om dei ville søkje om eittårig, treårig eller femårig støtte. Talet på fleirårige tilskot er no tredobla frå åra før. Jo meir langsiktig støtte ein skulle søkje jo sterkare krav om dokumentert støtte frå lokale/regionale mynde. For å gje femårig støtte måtte festivalane legge ved dokumentasjon frå heimfylke og -kommune om at desse forplikta seg på ein prosentvis fordelingsnøkkel mellom statlege og regionale midlar. Dette var omdiskutert, og vanskeleg for kommunar og fylkeskommunar då ingen mynde kan forplikte seg utover vedteke årleg budsjett. Etter fordelinga er ingen festivalar gitt tilskot for meir enn tre år. Kulturrådet melder at grunnen til dette er at få festivalar kunne levere tilfredstillande

dokumentasjon på dette, i tillegg til at Kulturrådet sjølv har ei viss usikkerheit rundt ramma for musikkfestivalordninga i åra framover, og difor likevel ikkje ønsker å binde tilskota lenger enn tre år fram i tid.

25 festivalar søkte om femårig støtte. Fleire av desse er tidligare knutepunktfestivalar, og fleire av landets største jazzfestivalar. 60 festivalar har søkt om to-, tre eller fireårig støtte, mens rundt halvparten av søkerne, 86 søker, søkte om støtte for eitt år. Festspillene i Bergen søkte om eitt-årig støtte då dei ønskjer å verte flytta tilbake til Statsbudsjettet.

Det var kome inn 17 søker fra festivalar i Hordaland til Kulturrådet si tilskotsordning for musikkfestivalar ved søkerfrist. 14 av desse fekk positivt tilsegn og dette utgjør til saman 27 550 000 kroner til festivalar i Hordaland. Dette er ei auke på nærmere 0,5 millionar frå i fjar. Det er festivalane Nattjazz, Vossajazz, Borealis og Hardanger Musikkfest som har fått størst auke her i Hordaland.

Knutepunktstatus

Den andre store forandringa var at dei tidlegare knutepunktfestivalane også vart lagt inn i denne nye søkerordninga for festivalar. Som omtalt og vedteke i sak 19/17(KIRU 15/02) ser verken Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune eller Festspillene sjølv det som hensiktsmessig at dei legg inn under denne ordninga, og meiner at ein post i statsbudsjettet vil vere riktigare.

Det har vore gjort noko reduksjon i tilskota til dei festivalane som tidlegare hadde knutepunktstatus. Kulturrådet meiner at tilskota til desse største festivalane er beholdt på eit nivå som gjør dei i stand til å vidareutvikle seg som spydspissar i sin sjanger og region, samtidig som denne tildelinga bidreg til å jamne ut ulikheiter mellom musikkfestivalar som oppsto som følge av knutepunktordninga. I den tidlegare knutepunktordninga sto Festspillene i Bergen i ei særstilling med sitt tilskot på 20 823 264 kroner for 2017. Dei er no løyvd 19 550 000 for 2018.

Tabellar over søker / tilskot til festivalar i Hordaland

| SØKNADSBELØP 2018 TIL SAMAN | SAMLA TILSKOT 2018 | AUKE FRÅ 2017 TIL 2018 | AUKE I PROSENT | TILSKOT FORDELT PÅ FYLKE | TAL SØKNADER | TAL INNVILGA SØKNADER | TILDELINGS -PROSENT |
|--------------------------------|--------------------------|------------------------------|-------------------|--------------------------------|-----------------|--------------------------|------------------------|
| 31 740 000 | 27 550 000 | 476 736 | 2 % | 18,7 % | 17 | 14 | 82,4 % |

| Prosjekttittel | Tilskot for 2017 | Vedtak 2018 | Vedtak 2019 | Vedtak 2020 |
|-----------------------|-----------------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
|-----------------------|-----------------------------|------------------------|------------------------|------------------------|

Eitt-årig støtte

| | | | | |
|--------------------------------------|------------|----------------|--|--|
| Bergenfest - 2018 | 800 000 | 700 000 | | |
| Bygdalarm 2018 | | 300 000 | | |
| Festspillene i Bergen - 2018 | 20 823 264 | 19 550 000 | | |
| Hardanger Musikkfest - 2018 | 400 000 | 600 000 | | |
| Hardingtonar - 2018 | 100 000 | 100 000 | | |
| IcemusicFestival Geilo - 2018 | 100 000 | 50 000 | | |
| Osafestivalen - 2018 | 350 000 | 400 000 | | |
| Rosendal Kammermusikkfestival - 2018 | 100 000 | 300 000 | | |

Tre-årig støtte

| | | | | |
|---|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Beyond the gates - Bergen Metal Fest - 2018 | 200 000 | 250 000 | 275 000 | 300 000 |
| Borealis - 2019-2021 | 950 000 | 950 000 | 1 400 000 | 1 500 000 |
| Ekkofestivalen - 2018-2022 | 700 000 | 750 000 | 800 000 | 850 000 |
| Nattjazz - 2018-2022 | 1 400 000 | 2 000 000 | 2 200 000 | 2 400 000 |

Avslag

| | | | | |
|--|---|---|---|---|
| Bergen Internasjonale Musikkfestival 2018 – 2020 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ekstremsportveko 2018 | 0 | 0 | | |

| | | |
|---------------|---|---|
| Osfest - 2018 | 0 | 0 |
|---------------|---|---|

| | | |
|--|---|---|
| Ung Nordisk Musikk Festival - 2018 | 0 | 0 |
|--|---|---|

Kjelde Kulturrådet sine nettsider. For fullstendig oversikt/komplette tabeller
<http://www.kulturradet.no/musikk/vis-artikkel/-/-en-mer-rettferdig-fordeling-til-musikkfestivaler>